

Mai-juni-juli 2017, årgang 6, nr 2

Kyrkje og kultur i Sirdal



Kulturpris- vinnaren

Side 5-7

Naturlosturar

Side 8-11

Kultursidene

Side 18-28

«Nye krefter»

Det er vår.

Snøen forsvinn og skitrekka står stille. For ei kort tid er det litt færre folk i hyttene på fjellet. Vi gler oss over lysare kveldar og meir sol. Vi hentar fram og syng Elias Blix si kjente salme: «No livnar det i lundar, no lauvast det i li», og ser at trea skyt knoppar og naturen igjen kler seg i irrgroene fargar.

Denne nyskapinga av naturen, som er så tydeleg i vår del av verda, viser oss Guds fortsette skaping. Sola og varmen gir ny kraft til alt som lever og det vert opplevd som om alt blir fødd på nytt.

«Bli sterke i Herren og hans veldige kraft» skriv Paulus i Efesarbrevet 6,10. Vi treng å minna kvarandre om at Gud også kan gje oss ny kraft. På same måte som naturen får ny kraft kan Gud gje oss nye krefter, gje oss tilbake verdighet og verdi. Vi kan gå ut i sola, kjenna på varmen, og be Gud om at vi må få erfare og oppleve at han gjev oss kraft og styrke for kvar dag.

Geirulf Grødem
Prost i Lister prosti

Ut på tur aldri sur!

Eit ordtak med mykje sanning i. Frisk luft og fysisk aktivitet har ei eiga evne til å rydda opp i både lekam og sinn. I Sirdal har vi god tilgang til flott natur vi kan nytta og gleda oss over både sommar og vinter.

Kyrkja i Sirdal har lang tradisjon for friluftsgudstenester med mange deltakarar. I påska har vi andaktar mange stader i fjellet. Nokre stader med fleire hundre til stades. Fleire gonger i året arrangerar vi og kyrkjetrin etter vanlege gudstenester.

I denne utgåva av bladet nyttar vi mykje plass til å fortelja om og invitera til dei friluftsgudstenestene som og er i brosjyren for naturlosturar i Vest-Agder. Vi har tur før eller etter gudstenesta med ein lokalkjend los som ikkje berre leiar på rett veg, men som og kjenner området og historia, slik at han kan gleda deltakarane

med å fortelja mangt og mykje.

Turen til Kvinnen er den lengste. Ein bør vera godt skodd og i tålig bra form til å gå, men den er ikkje særskild krevjande. Vi gler oss over at Turistforeininga no vil satsa stort på nybygg på Kvinnen, slik at vi kan halda oppe den lange tradisjonen med gudsteneste/andakt der inne i fjellet, både langfredag og Olsok.

Turane til Virak og Ousdal kan nok alle som ynskjer det vera med på, same korleis dei er i form, kor mykje ein går kan ein sjølv velja. Det er særskild gode og kunnskapsrike losar på desse turane.


Kom dykk opp av stolane, og bli med på desse turane som gjev frisk luft, trim i vakker natur, godt lag med andre deltakarar og føde for både tanke og tru!

Lars Audun Fodstad

500 år sidan reformasjonen 1517 - 2017

Det er i år 500 år sidan munken Martin Luther spikra opp dei 95 tesene på kyrkjedøra i Wittenberg, og med det innleia det vi kjenner som reformasjonen. Dette vil bli markert i kyrkjer i heile den lutherske verda, også her i Sirdal.

Det første arrangementet her finn stad allereie søndag 14.mai kl 19.30, sjå omtale på side 4.



Det vil bli fleire andre jubileumsmarkeringar også utover året. Det kjem vi tilbake til i neste nr av K&K. Men allereie no er det lurt å notere seg **laurdag 28.oktober**. Då får vi besøk av **teatergruppa Ryfylke Livsgnist** som framfører «**Luther med latter**» i Kulturhuset.

Miljøtipset: Elbil-lading i Sirdal

Når dette nummeret av «Kyrkje og kultur i Sirdal» går i trykken, er det truleg berre nokre veker att til dei to første hurtigladestasjonane i Sirdal vert kopla på straumnettet og står klare til bruk. Den eine kjem ved rådhuset på Tonstad og den andre ved GP-Tjørhom på Sinnes. Kraftkommunen Sirdal tek med dette steget inn i den elektriske æra. Moglegheita for å ta ein kort stopp på Tonstad eller Sinnes og få 50 kW likestraum rett inn på batteriet gjer at det vert mykje enklare å ta seg fram med elbil i dalen.

Utvalet av elbilar med større batteripakkar og lenger rekkevidde vert også stadig betre.

Til dykk som går og lurar på om de skal kjøpa elbil neste gong, er det berre ein ting å seie: De treng ikkje lure meir - framtida er elektrisk!

Tekst: **Sven Sandvik**

Til høgre: Kartet syner kor sentralt dei nye ladarane vil bli plassert for trafikk i alle retningar.

Under: Om lag slik vil ladarane på Tonstad og Sinnes sjå ut. Det kjem to på Tonstad og to eller muligens tre på Sinnes.



Sjekk gjerne ut desse lenkene som handlar om elbil og lading:

www.elbil.no

www.elbilforum.no

www.ladestasjoner.no

www.ladeinorge.no

Kyrkje og kultur i Sirdal: nr 2/2017

Utgjevar:

Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kommune, eining for kultur og fritid.

Fire utgåver pr år.

Redaksjon:

Lars Audun Fodstad, Solbjørg Tjørhom, Sven-Egil Testad og Henning Huseby Jansen.

Kultursidene: Eining for kultur og fritid.

Abonnement

Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i

Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

Kontaktinformasjon for abonnement og støtteannonser:

Postboks 133, 4441 Tonstad

Tlf 38371600, e-post: post@sirdal.kyrkja.no

Framsida: Frå Ousdal

Foto: Ann Therese Ousdal

Trykk: Synkron Media

Gravplassdugnader i vår

Vel møtt til dugnad på gravplassane:

- **Haughom laurdag 13.mai kl 13.00**

- **Kvæven måndag 29.mai kl 17.00**



Reformasjonsjubileet 1517 - 2017

Velkommen til Luther-kveld på bedehuset søndag 14.mai kl.19.30.

Sokneprest Rolf Eriksen har gått i Luther sine fotspor i samband med 500-års jubileet, og tek oss med til Tyskland der han fortel og viser bilete.

Tyskarne veit å reklamera for Lutherjubileet. Dette er ein av bilane ved universitetet i Wittenberg, der Luther underviste.

Foto: Rolf Petter Eriksen



Øvre Sirdal misjonsforeining møtast ei gong i månaden i kjellaren på Kvævemoen kapell. Her syr og strikkar dei flotte handarbeid til den store haustbasaren anna kvart år. Foreininga tek gjerne imot nye medlemmer. Vel møtt!

Frå venstre:

Anny Haugen, Aud Ingrid Fidjeland, Tordis Brekke, Madli Myre, Anna Fidjeland og Asta Lunde. Ikkje til stades: Gerd Kvinen, Solbjørg Tjørhom og Anna Kvæven.



Gløymt kontantar?

No kan du gi kollekt i alle kyrkjene våre med **VIPPS!**

Gåva du gir går til det føremålet som er kunngjort i gudstenesta, og vert belasta bankkortet ditt.

Du kan nytte appen **VIPPS**.

Appen kan lastas ned frå AppStore for iPhone og Google Play for andre telefonar. Du treng ikkje ha konto i ein spesiell bank for å nytte **VIPPS**.

Slik gjer du for å innstallere appen VIPPS:

- Gå inn på AppStore eller Google Play
- **Søk** etter appen **VIPPS**
- **HENT**, **INSTALLER** og **ÅPNE**
- Følg bruksanvisninga som kjem fram, steg for steg.

Slik kan du gi kollekt med VIPPS:

- Åpne appen, og **slå PIN-koden** du har valgt
- Trykk på **+** teiknet oppe til høgre
- Trykk **Send penger**
- Søk opp **namnet på den kyrkja du er i**
- Skriv inn **beløp** du ønsker å gi
- Trykk **Neste** oppe i høgre hjørne
- Gjennomfør betalinga ved å trykke **Betale** nederst på sida

Takk for gåva!



Kulturprisvinnaren på Feed

Tidlegare i år vart Inger Kilane Feed tildelt kulturprisen i Sirdal.
Bli med på ein spennande visitt heime hjå henne for
å få meir innblikk i kva ho skaper.



Inger Kilane Feed mottok Sirdal kommune sin kulturpris for 2017 under Bygdekvelden på Kulturhuset i februar.

Foto: Tor Magne Gausdal, Avisen Agder

Til Feed på 70-talet

Mange av oss kjenner Inger, ho har budd på Feed i meir enn 40 år, men dialekta røper at ho har vakse opp i Ryfylke.

Ho fortel at dei første 12 åra budde familien nokså einbølt i Erfjord, så kjøpte dei gard og flytta til Rennesøy. Det er mest utruleg når ho fortel om barndommen i Erfjord der det ikkje var straum og ingen vegar. Overgangen til livet på Rennesøy var stor. Inger har alltid likt å arbeida på gard, men tok også sjukepleieutdanning og vart røntgensjukepleiar.

Nattevakter på Sirdalsheimen

Då ho gifta seg med Gunnstein og flytta til Feed, vart det både gardsarbeid og sjukepleieoppgåver. Ho har bak seg over 20 år som nattevakt på Sirdalsheimen. I tillegg fekk ho etter kvart fem born, og korleis ho fekk overskot til å læra ulike handverk



Inger er kreativ, og ho produserer mange flotte husflidsprodukt og kunsthandverk, så som saueskinn (over) og biletvevteppe (under).



samstundes, er vanskeleg å skjøna.

Vevkurs i Stavanger

Ho drog til Stavanger for å gå på kurs i biletvev gjennom fleire sesongar. Det er eit tidkrevjande arbeid, etter eit par timar med vevramma har kanskje vevna vakse med ein cm. Ho viser store og små vevnader. Vanleg vev lærde ho hjå Dagny Tonstad.

Ho er framleis stadig å finna mellom vevstolane i huset til husflidlaget på

«Eg trur Gud har gjeve meg desse evnene, og difor vil eg gjerne gje noko attende»

Omlid. Inger fortel at ho no ønskjer å veva alle dei ulike «Sirdalsteppa», for å dokumentera dei samla. I ei bisetning nemner ho at ho og har sydd svært mange bunadskjorter til Rogalandsbunaden.

Glaskunst

Sidan førte lysta til å læra nye handverk henne til nye kurs. Ho syntest



«Hellige tre konger og tilbedelsen». Originalen heng i Kunstindustrimuseet i Oslo, laga i 1625.

glaskunst såg spennande ut og sette seg inn i korleis det arbeidet fungerer. Det vart nye kurs, og deretter gjekk ho til innkjøp av omn. Fat, lysestakar og englar vart så produsert. «Nett no er ikkje det så moderne, så eg lagar mindre av det», seier ho. Glasarbeidet er ein krevjande prosess der temperaturen må stemma før neste arbeidstrinn kan gjerast, så glaset ikkje sprekk.

Saueskinn

I nyare tid er Inger mest kjend for saueskinna sine. Mange av oss har eit fint sitjeunderlag med trykk på, som ho har laga. Ho kjem så fram med store, flotte skinn, nokre med trykk på og andre har ho gjeve vevnad på baksida. Ja, kva er forresten framme eller bak når det vert så fint?

Tru om ikkje fleire enn underteikna har vunne sitt sitjeunderlag på ein eller

annan basar i bygda?

Aktiv i lag og foreiningar

Det fører samtalen inn på Inger sin store innsats på «basarfronten». Det er ofte Inger me møter på Bakeriet eller Coopen som smilande spør om me vil ha lodd. Til Tonstadlibasaren i fjor selde ho til dømes 40 loddhefter. Ho prøver gjera ein innsats for ulike foreiningar med loddosal og gåver til basarane. Det er viktig for Inger at det vert fortalt om kor flinke folk er til å kjøpa lodd. «Særleg dei eldre gjev mykje pengar slik», seier ho. På spørsmål om kvar ho har fått sine skapande evner frå, fortel ho om foreldre som bae var flinke med hendene og lærde vidare til borna. «Dessutan

trur eg Gud har gjeve meg desse evne- ne, og difor vil eg gjerne gje noko attende», konkluderer ho. Gleda ved å skapa og dela med andre er eit gjennomgåande tema i samtalen.

Rytme og innhald

No er Inger pensjonist, ho vart enkje for ikkje lenge sidan, og borna er vaksne og kjem heimom med barnebarn og svigerbarn. Dagane åleine er likevel gode, seier ho. Dei ulike husflidarbeida gjev rytme og innhald. «**Dessutan er ei god og trygg Gudstru det viktigaste av alt**» sluttar Inger.

Tekst og foto: Solbjørg Tjørhom



Mykje fin glaskunst har det blitt gjennom åra, både englar, fat og anna.

Naturlosturar 2017

Den første friluftsgudstenesta med NATURLOS-tur i år, blir Kristi Himmelfartsdag **25.mai kl 11.00, på Virak**. Naturlos er Stanley Wirak. Vi har tatt ein prat med han for å høyre litt om turen - og guiden.

Etter friluftsgudstenesta Kristi Himmelfartsdag, får me meir kjennskap til Viraks-grenda ved guiden vår denne dagen, Stanley Wirak. Han held til på farsgården Hòlå i feriar, og ofte i helgene når han har høve til det. Mange kjenner han som ordførar i Sandnes, og dette vervet held han nok meir borte frå Virak enn han skulle ynskja.

Stanley er fødd på Knaben der faren arbeidde. Faren var også ordførar i Fjotland herad ei tid. Stanley er utdانا siviløkonom, og var knytt til Statoil i 27 år. Før han tok fatt på utdanninga, var han innoम ulike arbeidsfag, m.a. hos Øglænd, Sandnes Støperi, og ved Condeep anlegget. «Denne allsidige erfaringa frå arbeidslivet er gull verd, nå også som ordførar», seier han.

Det har vore mykje fråflytting i Viraks-grenda, og det har sett litt mørkt ut for gardane her. Men Stanley er glad for den oppsvingen han ser nå: "Det er bygt vegar, eit kraftverk, ei båthamn og det er nyetablering i landbruket av unge folk, så dette går rette vegen," seier han, med ei lys mine!

Me ser fram til samlinga Kristi Himmelfartsdag, og vonar mange vil leggja turen til Virak den 25.mai.



Solfrid og Stanley Wirak på trappa framfor huset sitt på farsgården Hòlå. Lengst til høgre i bildet kan ein skimte Haughom på andre sida av Sirdalsvatnet.

Tekst og foto: **Sven-Egil Testad**

Naturlosturar 2017

Den andre turen går av stabelen 2.pinsedag, måndag **5.juni kl 11.00**, og turen går til **Ousdal**. Samlinga blir på Kaldebekk, og naturlos er Torleif Ousdal. Kva kan vi vente oss av denne turen? Vi tok ein prat med Torleif.

Andre pinsedag, den 5.juni, vert det friluftsgudsteneste i Ousdal og naturlostur etter gudstenesta. Torleif Ousdal har takka ja til å vera naturlos, og Kyrkje og kultur tok ein prat med han heime i huset på Ousdal. Det måtte bli der, for nå er lamminga i gang, og då er Torleif på plass som fødselshjelpar. Dei ventar ekstra mange trillingfødslar i år, og då må ein passa på.

Det vart ein triveleg føremiddag. Magny diska opp med kaffe, lappar og moltesylt, og praten gjekk om Ousdal før og no, og om opplegget for turen 2.pinsedag.

Gudstenesta, kor det også blir dåp, skal haldast på Kaldebekk i enden av bomvegen langs Ousdalsvatnet. Bommen blir då opna. Der er det fint å sitja med utsikt over vatnet. Vert det dårleg ver, kan vi gå inn i ein romsleg garasje på plassen.

Etterpå ruslar vi først ein liten tur til ei gamal furu, der det er skore inn initialane IISS og årstalet 1791. Prøver av furua viser at ho er over 400 år gamal!

Dei som ynskjer det, kan så gå dei ca tre km til Midtstøl, der Torleif har hytta si. I Myrstølområdet kan ein sjå spor etter utvinning av jernmalm. Som namnet seier, er det myrlendt, så vi treng støvlar/fjellsko. Blir veret fint, kan Torleif ordna med båt for dei som synest det blir langt å gå. Torleif har mange gode historier knytt til området, som vi får høyre undervegs.

Det er berre å gleda seg til ein fin dag i vakre Ousdal.

Tekst: **Hanne Fodstad**



Naturlos Torleif Ousdal vil guide oss frå Kaldebekk til Myrstøl.

Foto: **Privat**



Ein skuleklasse på tur til Fossbrote i Ousdal. Ousdal er verkeleg ei naturperle!

Foto: **Odd Kvinen**

Naturlosturar 2017

Den siste NATURLOS-turen i år går til **Kvinen, søndag 30.juli**. Dette er ein lang tradisjon, som mange set pris på. Også i år vil Johannes Tjørhom Hompland vere naturlos. I år er det 70 år sidan han første gong var på Kvinen!

Johannes var berre fem år gamal då han var med foreldra sine og den to år yngre bror sin til Kvinen for første gong, i midten av august 1947. Sidan har han i mange år tatt turen til Kvinen minst eit par gonger i året, så han har ikkje tal på kor mange gonger han har vore der. Dei som legg turen til Kvinen denne søndagen, får altså ein godt kjent naturlos som guide. Johannes fortel at turen er om lag sju km kvar veg, i lett terreng. Dei som vil gå Naturlosturen saman med han, møter opp klokka 09.30 ved parkeringsplassen på Donsen, innerst i Solheimsdalen. Ein kan sjølvsagt også gå til Kvinen frå andre stader om ein ønskjer det, og så bli med på **gudstenesta** der **kl 12.30**. Grunna bygging av ny sikringsbu, kan vi i år ikkje nytte turisthytta til gudstenesta.

Traseen følgjer den gamle stien innover mot Kvinen, og undervegs vil vi sjå spor etter både anleggsbrakker og anleggsutstyr som var sett opp av tyskarane til arbeidet med den planlagde riksveg 10 frå Stavanger til Oslo. Strekninga frå Ålgård til Donsen blei ferdig gjennom Hunnedalen. Men traseen vidare frå Donsen inn til Kvinen og derifrå vidare til Langeid i Setesdal blei aldri bygd.

Dei som blir med på turen vil også få høyre litt om historia til turiststasjonen på

Kvinen, og Gunhild og Aslak som budde på Kvinen og bygde opp og dreiv stasjonen frå dei gifta seg i 1916 til slutten av 1960-talet. Sonen Einar og kona Gerd tok då over drifta.

Vel møtt til ein flott tur i nydeleg Sirdalsnatur! Tekst: **Henning Huseby Jansen**

Til høgre: Johannes Tjørhom Hompland har vore mange gonger på Kvinen. Han vil også i år vere naturlos for turen som går dit søndag 30.juli.

Foto: **Privat**

Under: Kvinen ligg nydeleg til ved Kvivatnet i Sirdals-heiene.

Foto: **Steinar Thingbø**



DNT Sør satser stort på Kvinen

Tilbakeblikk

Kvinen Turiststasjon ble overtatt av Turistforeningen (DNT Sør) i 2007 og hytta heter nå bare Kvinen. Kvinen turiststasjon ble etablert allerede i 1901. Den gamle bygningen ble revet i forbindelse med kraftutbyggingen på slutten av 60-tallet, og ny hytte ble bygget på eksisterende tomt i 1970. Hytta ligger sentralt til i forhold til ferdsel fra vest mot øst. Det er kun tre timer til nærmeste DNT Sør hytte Josephsbu, og noe lengre tur til Lakkenstova som også er en DNT Sør hytte. Dagens Kvinenhytte har 36 sengeplasser og dekker mange behov for grupper, enkeltvandrere og dagsbesøkende fra hyttefelt i nærheten.

Restaurere eller bygge nytt?

Nå er hytta imidlertid så nedslitt at DNT Sør sto overfor valget om man skulle ruste opp eksisterende hytte, eller rive og bygge helt ny. Man valgte det siste. Planen er nå å bygge ei sikringsbu i sommer, med plass til 10 personer. I september i år skal dagens turisthytte rives, for så å bygge ei ny hovedhytte sommeren 2018. Dette er ei stor satsing fra DNT Sør sin side, og man håper på stor dugnadsinnsats fra alle som har lyst til å være med. De som ønsker å bidra på dugnad, kan melde seg til DNT Sør på telefon 38120750. De er godt i gang med å rekruttere folk til dugnad, men trenger fortsatt flere!

Mål for nye Kvinen

Kvinen turiststasjon har lange tradisjoner som et møtested mellom øst og vest. Med nye Kvinen ønsker DNT å ivareta kulturhistorien og samtidig tilpasse seg fremtidens brukere. Man ønsker at hele anlegget, med hyttetun og tilhørende bygninger, kan gi et rikt tilbud for alle potensielle brukere, og øke attraktivitet og besøk ved å tilføre anlegget noe særskilt ift deres andre hytter. Hyttene skal kunne brukes av «alle» samtidig. Anlegget vil bestå av hovedhytte med 32 senger, en mindre hytte (sikringsbu) med 10 senger, hyttetun med sitteplasser og en større veranda/trapp for tilrettelagte oppholdsområder utendørs i solveggen. Man vil også vurdere rehabilitering av båthus, og en ny gapahuk på hyttetunet. Kvinen vil fortsatt være en selvbetjent hytte, med potensiale for periodevis betjening. Vi vil ønske DNT Sør lykke til med dette store prosjektet!



Foto: DNT



Ny sikringsbu på Kvinen, tegnet på dugnad av arkitektfirmaet ENO.

Konfirmantane i Sirdal 2017

Tonstad kyrkje søndag 28.mai kl 11.00

Tilde Tonstad
Mailen Bjunes
Linnea Lindeland
Christer Skaren
Karoline Nord-Varhaug
Torvald Hompland
Thyrill Berge Gjesdal
William Fintland
Birgitte Haugom
Geir Josdal

Lunde kyrkje laurdag 3.juni kl 11.00

Anne Ådneram
Anne Marie Omlid
Mathias Hegre
Madli Ådneram
Irica Malin Fidjeland
Marie Svanes Kolbeinsen
Aslak Tjørhom
Elise Yan Hovland
Andreas Jr. Jomås

Sprell levende laurdag 13.mai kl 13.00

- Felles sommaravslutning for barnelag, søndags skolar, barnemøter m.m. på **ELIASTUNET**
- Ruth Turid Vea fortel - syng med barna
- Klovnen Jan Thomaz - med ballongar og humor
- Det blir varme grillar – kvar enkelt tar med grill-mat og drikke
- Hoppeslott :)
- Info og brosjyrar frå søndagsskolen

Alle – heile familiane er hjerteleg velkommen.

*Er været dårleg, blir samlinga i bedehuskjellaren
– vi legg ut info på facebook/plakatar*

Helsing Søskenringen



Konsert torsdag 20.mai kl 18.00

Lørdag 20.mai kl.18.00 blir det konsert i Tonstad kyrkje med **Jæren Kammerkor** og **Sirdal Blandakor**. Dei to kora skal syngje noko kvar for seg og noko felles. Enkelte solo-innslag blir det også. For Sirdal Blandakor er det ekstra kjekt å få samarbeide med andre kor. Konserten vil ha eit lyst og lett preg som passar godt når våren er på sitt flottaste.

Jæren Kammerkor sin dirigent er kantor på Nærbø, Ragnhild Elisabeth Hoel. Ho har lang erfaring som kordirigent og organist, og ho har i seinare tid framført fleire Mozart-verk på klavér ved ulike høve. Me gler oss til å høyre både henne og Jæren Kammerkor.

Tekst: Kjetil Øygard Eidevik Foto: Henning Huseby Jansen

Gardsnamn i Sirdal: Ovedal

Første gong garden er nemd i skriftlege kjelder er i 1617. Då heiter han Offedall og blir omtala som øydegard; ein gard der ingen bur. Det finnst inga god forklaring på kva namnet tyder, men det kan kanskje ha samanheng med at det var den øvste av gardane i denne dalen. Mellom Ovedal og Jødestøl var det ein gard som heitte Galthom. I dag er denne innlemma i Ovedal. Frå den tida heiter det at garden var tungvunden, men med temmelig god jord. Den kunne fø seks kyr og 16 smaler (sauer) Folk levde av jordbruk og litt fangst og fiske.

Etter kvart vart meir jord dyrka opp, og i byrjinga av år 1900 var det i alt seks bruk med til saman 46 fastbuande. I dag er det 15 fastbuande og fem mellombels.

Som på dei fleste mindre gardane, var det berre omgangsskule fram til 1939. Då fekk gardane Ovedal, Listøl og Jødestøl eigen skule, men den vart nedlagd etter berre ti år på grunn av lite elevtal. Etter den tid måtte elevane gå eller bli køyrde til Øksendal.

Ovedal fekk elektrisitet i 1946 og telefon tre år seinare.



Som dei fleste andre gardane i Sirdal, har og Ovedal sitt gardsrim. Der heiter det:

*”Ovedal ligg so vent i ei kro.
I Hommen (Galthom) budde
dei tjuvane to.”*

Kven dei to tjuvane var veit vi lite om.

Truleg vart Ovedal busett for over 1000 år sidan, men vart så lagt

aude under Svartedauen i 1349/50. I alle fall heiter det i eit anna gardsrim:

*”Dei Åvedal å Galtåm døydde
Dauen. Tun å topte grine tome.”*

Tekst: **Steinar Tjomlid**
Foto: **Allan Vigre**

Verksemd på Tonstad bedehus

Mai

Torsdag 11. kl 19.30 Bønesamling
Lørdag 13. kl 14.00 «Sprell levende»
på Eliastunet
Søndag 14. kl Møte NLM
Torsdag 18. kl 19.30 Nattverdmøte
Søndag 21. kl 11.00 Storsamling
Tirsdag 23. kl 19.00 Kvinnestemne

Juni

Mandag 5. kl 17.00 Storsamling (2.pi)
Søndag 11. kl 19.30 Møte IMF
Søndag 18. kl 11.00 Sommaravslutning på Øksendal.
Meir info kjem.

Første storsamling i haust: 10.sept. 11.00.
Storsamlinger partallsveker utover hausten.

Kvinnestemne på Tonstad bedehus, tysdag 23.mai kl. 19.00

Vi får besøk av Marta Dale
Beverting – misjonsoffer
Arr: Hompland kvinneforening NMS

Evangelisk møteaksjon på Tonstad bedehus 5 - 17.september
Mange ulike arrangement og samlingar. Marie Hornes og Nils Kåre Strøm blir med. I tillegg blir det mye song og musikk.
Laurdag 9.september blir det stor songkveld i kinosalen. **Arr: IMF/NLM**

Bli med på bedehusweekend!

Stad: Evjetun
Tid: 25.– 27.august 2017
Talar: John Torjus Bakke Eriksen
Eige opplegg for born og ungdom.
TRAFO blir med.
Mange kjekke aktivitetar på Evje, både for store og små.
Påmeldingsfrist er 1.august 2017.

Påmelding skjer til Jørgen Tjørhom (913 12 402) eller Dagny Irene T. Torsteinbø (995 77 642).

For meir informasjon, følg
Tonstad bedehus på Facebook!



Takk til våre støtteannonsører for viktig økonomisk støtte:

Fjellbutikken AS

Storås 3, 4443 Tjørhom, tlf 38370010
E-post: fjellbutikken@ngbutikk.net

GP Tjørhom

Svartevatn, 4443 Tjørhom, tlf 38371241
E-post: joker.sinnes@ngbutikk.net

Infoskjermen

E-post: support@infoskjermen.no
www.infoskjermen.no

Kjell Hergot - digitalisering av bilder/filmer

Guddal 21, 4440 Tonstad
tlf 971 68 647
E-post: k-hergot@online.no

Omlidbutikken AS

Sirdalsveien 6114, 4440 Tonstad, tlf 38371857
mobilnr 90818973
narbutikken.omlid@narbutikken.no

Sageneset feriesenter AS

4443 Tjørhom, tlf 38371300
E-post: feriesenter@sageneset.no
www.sageneset.no

Sinneshytta AS

Tlf. 38 37 74 22, mob. 977 29 183
E-post: tor.sigve.vik@sinneshytta.no
www.sinneshytta.no

Sira-kvina kraftselskap

Pb 38, 4441 Tonstad, tlf 38 37 80 00
E-post: post@sirakvina.no
www.sirakvina.no

Sirdal Huskyfarm

Ousdal, N-4440 Tonstad | Norge
Telefon +47 38 37 18 62— +47 482 86 044
E-post: hallo@sirdalhuskyfarm.no
www.sirdalhuskyfarm.no

Sirdal Regnskapslag

Postboks 113, 4441 Tonstad
tlf 38377490, e-post: post@srslag.no,
www.srlag.no

Sirdal bilverksted

Sirdalsveien 3846, 4440 Tonstad
tlf 38370070 E-post: post@sirdalbil.no

Tveit og Tjomlid

Buveien 2, 4440 Tonstad
tlf. 915 13 408
E-post: post@oftnb.no

Tonstad Bakeri AS

Tonstadvegen 20 A, 4440 Tonstad,
tlf 38370122
E-post: bagaren@online.no

Tonstadli ferie, kurs og misjonscenter

Litleli 45, 4440 TONSTAD
tlf 38377480 mob. 918 61 534
E-post: post@tonstadli.no www.tonstadli.no

Ådneram skitrekk

Sirdalsvn. 8894, 4443 Tjørhjom, mob 99441144
E-post: post@aadneram-skitrekk.no
www.aadneram-skitrekk.no

Lister
begravelsesbyrå

*Vi er alltid tilgjengelige
når dere trenger vår hjelp*

Tonstadvegen 105,
4436 Gyland

Vakttelefon
489 55 200

Eilif Sandvand Galdal
91880109

Oddvard Galdal
95974136

www.listerbegravelse.no



**Nærbutikken,
Tonstad**

Åpningstider
man-fre 08.30 - 20.00
lørdag 08.30 - 18.00

Tonstadv.17, 4440 Tonstad.
Telefon 38 37 01 42

**Flekkefjord
og Treland
Begravelses-
byrå**

Kenneth Trælandshei
Strandgt. 38
4400 Flekkefjord
Tlf. 38 32 22 27
Mobiltlf. 950 50 700

Byrået med erfaring
og lokale tradisjoner
Døgnvakt

Sirdal Håndlaft

Håndlafta hytter og anneks
Rehabilitering av gamle
bygninger og laft
Rehabilitering av skorstein/
pipe (foring)
Nye peiser og ovner
Salg av tretjære

Tonstadvn. 1566, 4440 Tonstad
mob 952 46 098 (Øyvind Moen)



E-post:
post@oftnb.no

**Velkommen til å ta
kontakt med oss!**

Telefon: 09200
E-post: kvinesdal@sor.no



**SPAREBANKEN
SØR**

Total leverandør innen VVS

Avd: Sirdal
TLF 97 68 22 41

Kontor (Flekkefjord) - TLF 38 32 22 41



Flekkefjord - Bademiljø - Sirdal
TLF 38 32 22 41 - post@modalsliror.no - www.bademiljo.no
Adresse: Brogata 31 - 4400 Flekkefjord

Den norske kyrkja i Sirdal

Besøksadresse: Tonstadveien 25
Postadresse: Pb 133, 4441 Tonstad
www.sirdal.kyrkja.no - post@sirdal.kyrkja.no
Telefon: 38371600

Sokneprest Rolf Petter Eriksen
rpe@sirdal.kyrkja.no/48040876
Kyrkjeverge Henning Huseby Jansen
hhj@sirdal.kyrkja.no/97633127
Kyrkjelydsarbeidar Inger Solveig Høyland
ish@sirdal.kyrkja.no/95202865
Kantor Kjetil Øygard Eidevik
koe@sirdal.kyrkja.no/99545299

Tonstad kyrkje

Tone Marit Bjørnstad, kyrkjetenar og reinhaldar

Lunde kyrkje

Gunn Siri Ousdal, kyrkjetenar og reinhaldar

Kvævemoen kapell

Björg Hilde Fidjeland, kyrkjetenar og reinhaldar (vikar)

Haughom kapell

Dah May Htoo, reinhaldar
Gerd Åshild Ueland, kyrkjetenar

Sirdal sokneråd

Aud Ingrid Fidjeland, leiar, tlf 976 00 440
Gunnlaug Seland, nestleiar, tlf 977 95 744
Tor Arne Liland
Ingunn B. Tonstad
Hanne Fodstad
May Bente Øksendal Ousdal
1.vara: Einar Samslått
2.vara: Gerd Åshild Ueland

Slekters gang

DØYPTE

Tonstad kyrkje

19.02. Isak Omdal

19.03. Filip Dorga

Maja Isabelle Svindland Hellby

GRAVLAGDE

Ingen gravlagde sidan førre nummer

VIGDE

Tonstad kyrkje

25.02. Elen Renate Liland og Rudi Hove

Kvævemoen kapell

18.03. Vibecke Dahle og Frank Dellapolla



Hvordan har du det – egentlig?

Ring eller skriv.
Vi er her. Alltid.

815 33 300
Kirkens SOS

BANKEN

Kvinesdal Sparebank

Dine drømmer
Vår utfordring



Du får fordeler
i BANKEN
du ikke får
i noen
annen bank



Telefon: 95 91 08 84
kvinesdalsparebank.no

Lund

REGNSKAPSKONTOR AS

Sirdalsvegen 38, 4376 HELLELAND
Telefon: 51 40 24 00
E-post: post@lundregnskap.no

- Etablering av selskap
- Fakturering/Lønn/Remittering
- Tilgang til eget regnskap; gjøre en del av jobben selv
- Scanne bilag inn i eget regnskap
- EHF-fakturering
- Elektronisk innhenting fra Tine og Nortura

Tonstadveien 12
4440 Tonstad
Telefon 98 48 35 13
38 32 60 00
www.felektr.no

15 år - 1990 - 2015



**FLEKKEFJORD
ELEKTRO AS**

| KUNNSKAP, ERFARING OG TILLIT

► **elektroinstallasjoner**

KUNNSKAP, ERFARING OG TILLIT

relatertebyrå: lde

Velkommen til Kyrkje



14. mai kl 11.00

5.søndag i påsketida

Tonstad kyrkje

TÅRNAGENT-gudsteneste/
familiegudsteneste.

Takkoffer til kyrkjelydsarb.

17.mai kl 10.00

Grunnlovsdagen

Tonstad kyrkje

Familiegudsteneste. Tonstad
barnekor, Sirdal blandakor.

Takkoffer til Redd Barna

20. mai kl 18.00

Laurdag før 6.s. i påsketida

Tonstad kyrkje

Konsert med Sirdal blanda-
kor og Jæren kammerkor.
Kollekt.

21. mai kl 11.00

6.søndag i påsketida

Kvævemoen kapell

Familiegudsteneste med dåp
og nattverd. Barnekoret.

Takkoffer til Normisjon.

21. mai kl 18.00

6.søndag i påsketida

Tonstad kyrkje

Samtalegudsteneste med
konfirmantane.

Takkoffer til Laget NKSS.

25. mai kl 11.00

Kr.himmelfartsdag

Virak-grenda

Friluftsgudsteneste med
Naturlos.

Naturlos: Stanley Wirak.

Takkoffer til NMS.

28. mai kl 11.00

Søndag før pinse

Tonstad kyrkje

Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til kyrkjelydsarb.

28. mai kl 11.00

Søndag før pinse

Tonstad kyrkje

Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til kyrkjelydsarb.

3.juni kl 11.00

Pinseaftan

Lunde kyrkje

Konfirmasjonsgudsteneste.
*Takkoffer til misjonsprosjekt
Centro Creer i Ecuador.*

4.juni kl 11.00

Pinsedag

Tonstad kyrkje

Høgtidsgudsteneste med

dåp og nattverd.

Takkoffer til Normisjon.

5.juni kl 11.00

2.pinsedag

Ousdal

Friluftsgudsteneste med
Naturlos. Dåp.

Naturlos: Torleif Ousdal
*Takkoffer til Den Norske
Israelsmisjon.*

18.juni kl 11.00

2.søndag i treeiningstida

Haughom/Øksendal skule

Familiegudsteneste/
blomstergudsteneste. Marke-
ring av Skaperverkets dag.
Takkoffer til kyrkjelydsarb.

18.juni kl 17.00

2.søndag i treeiningstida

Kvævemoen kapell

Gudsteneste.
Takkoffer til kyrkjelydsarb.

25.juni kl 11.00

3.søndag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Misjonsgudsteneste med
nattverd. Markering av NMS
sitt 175-årsjubileum.
Takkoffer til NMS.

9.juli kl 11.00

5.søndag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd.
*Takkoffer til Tonstadli leir-
sted.*

23.juli kl 11.00

7.søndag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd.
Takkoffer til Menneskeverd.

30.juli kl 12.30

8.søndag i treeiningstida

Kvinen

Friluftsgudsteneste med
Naturlos. Naturlos: Johannes
Hompland. Frå Donsen kl.
09.30. Takkoffer til KRIK.

6.august kl 11.00

9.søndag i treeiningstida

Lunde kyrkje

Gudsteneste med nattverd.
Takkoffer til Sjømannskyrkja

Det kan bli endringar.

Følg med i avisa og på:

www.sirdal.kyrkja.no

[www.facebook.com/
kyrkjaisirdal](https://www.facebook.com/kyrkjaisirdal)



kultursidene

Sommar 2017



På Virak er det eit felt med tri gravhaugar. Her er bilete av "Kjempehaugen". Ein skal ha funne ein koparkjele med brente bein i denne gravhaugen, det er òg funne eit ein-egga sverd av jern i dette området.

Foto: Erle Robstad Kaaland.

KulturKalender:

14
mai

Sundag 14 mai
Lysbilete/foredrag: "I Luthers fotspor"
Tonstad bedehus kl. 19.30

17
mai

Onsdag 17 mai
Markering av Nasjonaldagen
Sinnes, Tonstad og Øksendal

20
mai

Laurdag 20 mai
Sirdal blandakor og Jæren kammerkor
Tonstad kyrkje kl. 18.00

25
mai

Torsdag 25 mai (Kr.Himmelfartsdag)
NaturlosTur til Virak
Naturlos: Stanley Wirak. Arr.: Kyrkja

5
juni

Måndag 5 juni (2. pinsedag)
NaturlosTur til Ousdal
Naturlos: Torleif Ousdal. Arr.: Kyrkja

15
juni

Torsdag 15 juni
Basar på Tjørhom dagsenter
Tjørhom dagsenter kl. 18.00

17
juni

Laurdag 17 juni
Suppefestivalen 2017
Tonstad sentrum

26-29
juli

26 - 29 juli
Blinkfestivalen 2017
Sandnes sentrum

30
juli

Sundag 30 juli (Olsok)
NaturlosTur til Kvinnen
Naturlos: Johannes T. Hompland

3
august

Torsdag 3 august Den Kulturelle Spaserstokken
Konsert: Elin Furubotn "Å nærme seg det nære"
Tjørhom kl. 14.00 Sirdalsheimen kl. 17.00

6-11
august

Sundag 6 - fredag 11 august
Ajax FotballCamp
6 dagars Fotballcamp på Tonstad

23-27
august

Onsdag 23 - søndag 27 august
Festdagar i Sirdal kulturhus
Sirdal kulturhus

1-3
september

Fredag 1 - søndag 3 september
Sirdalsdagane 2017
Kvævenområde, Sirdal fjellmuseum


22-24
september

Fredag 22 - søndag 24 september
NM Senior og Junior Rulleskiskyting
Feed skiarena og Tonstad sentrum





Konsert med: **TØNES** Laurdag 17. juni Suppefestivalen



Suppefestivalen Laurdag 17. juni

For fjerde gong vert det arrangert Suppefestival i Tonstad sentrum! Her vert det aktivitetar for heile familien, både på scenen og rundt om på dei ulike stands.



bibliotek / museum / kulturskole / tonstadbadet
arrangement / kino / kulturminne / ungdom&fritid
idrett / lag&foreninger / teater / konsert



kultursidene



Vel møtt til biblioteket på Suppefestivalen!

Laurdag 17. juni har me ope på biblioteket på Tonstad.

Me har sal av flotte bøker med lokalhistorisk innhald samt CD-plater frå lokale artistar.

I tillegg deler me ut (gratis!) ulike tidsskrift - noko for einkvar smak. Her finn du m.a. Illustrert Vitenskap og National Geographic.



skifestivalen
BLINK17



Sommerles

Sommarles

Nå er Sommarles starta att. Dette er 5. gongen me har denne lese-kampanjen, og kanskje me denne sumaren lagar endå ein ny rekord. I fjor blei det lese heile 1107 bøker. Skulebiblioteka på Sinnes og Tonstad har mange spanande og morosame bøker til utlån. Det er det også på hovudbiblioteket i sentrum. Det er svært gildt å sjå den store leseglede det er blant borna i Sirdal. Velkomen til biblioteka!

Blinkfestivalen

Sett av datoene 26.juli - 29.juli! Da er det klart for sommerens store skibegivenhet i Sandnes sentrum og Lysebotn!

Onsdag 26.juli blir for første gang Blink-langløpet arrangert. Et langløp der både eliteløpere møtes, og mosjonister får prøvd seg i egen klasse.

Torsdag 27. juli kan du prøve deg i Norges ræste motbakkerenn, Lysebotn Opp.

Fredag og lørdag blir det kruttrøyk i Sandnes sentrum når verdenseliten staker seg vei gjennom gatene.

Sirdal kommune har stand i Sandnes sentrum under Blinkfestivalen. Ta turen innom oss!

Svøm Langt 2017

PREMIER - VOKSEN

GAVEKORT KR 600,-
FRA TONSTAD MASSASJE&VELVÆRE
GRO STENSRUD

GAVEKORT COLOR LINE
INGE JONE TJØRHOM

GAVEKORT FJORD LINE
SIV TONE BJUNES

BAKERI-OVERRASKELSEPAKKE
FRA BYRKJEDALSTUNET
MONICA ÅSEMOEN

HANSKER+OPPTREKKER
FRA TOR ARNE LILAND
EGIL NETLAND

SUPERUNDERTØY FRA TED
ELIN JOSDAL

TURKOPPER FRA RØDNE FJORDCRUISE
EVA SNARLI

PREMIER - BARN

GAVEKORT 1 PERSON RAFTING
FRA TROLL AKTIV EVJE
BENJAMIN TRONSTAD

GAVEKORT COLOR LINE
SVEIN MATHIAS TONSTAD

GAVEKORT FJORD LINE
MIRIAM HØYLAND

2 DAGSKORT KONGEPARKEN
MARIA STUHAUG

HODELYKT+OPPTREKKER
FRA TOR ARNE LILAND
TUVÅ AMANDA KYDLAND

DAGSKORT BJØRNESTAD SKISENTER
ANE OVEDAL HAUGEN

DAGSKORT BJØRNESTAD SKISENTER
SIRI GUDDAL

MASKE OG SNORKEL
INGEBORG NORD-VARHAUG

MASKE OG SNORKEL
TONE MADLI

10.TURKOPPER FRA RØDNE FJORDCRUISE
MARI ELISE SKREA



Odd Inge Josdal på Tonstadbadet med 3 av vinnerene av årets Svøm Langt kampanje.
Fra venstre: Svein Mathias Tonstad, Siri Guddal og Maria Stuhau.

Premiering - Svøm Langt 2017!

Svøm langt 2017 Kroatia konkurransen blei avsluttet 1.april.

På Tonstadbadet hadde vi 47 stk som var med på konkurransen,
disse klarte å svømme totalt 214 300 meter.

16 barn klarte kravet på 2 500 m og 7 voksne kravet på 10 000 m.

Fra hver svømmehall går det videre 1 stk voksen og 1 stk barn som er med i trekning om hovedpremien som er en tur til Kroatia.

Tonstadbadet har trekt ut Egil Netland og Svein Mathias Tonstad som begge er med i den nasjonale trekningen. I tillegg så har vi fått mange flotte premier fra bedrifter og andre selskaper som vi deler ut blant våre deltakerer.

svøm langt.no
for hele kroppen

bibliotek / museum / kulturskole / tonstadbadet
arrangement / kino / kulturminne / ungdom&fritid
idrett / lag&foreninger / teater / konsert




kultursidene



Sirdal Kulturskole

SMoK går mot sommer
og dermed VÅRSPRELL og
PÅMELDINGSFRIST for neste år.



I skrivende stund ser det ut som om vi får i gang DANS igjen med Marianne. Det er vi veldig glade for. Nytt for høsten er det også at vi prøver å tilby KUNST & BILDE for 3. klasse og oppover. TEATER har vi foreløpig ikke lærer på, men dersom vi skulle få det til, ønsker vi å tilby dette. Dersom noen går rundt med en teaterlærer i magen, eller kjenner noen som har det, så ta for all del kontakt.

FOLKEDANS er en gruppe vi har lyst å prøve igjen, så denne kommer på søknadsskjemaet.

Vi ønsker også å prøve med DIGITAL FOTO enda en gang, og MUSIKAL. Musikal blir et eget punkt du søker på, så vi slipper at folk trekker seg i ukene før forestilling. Samtidig blir det undervisning bare på samlinger og forestillinger. Prisen er et semester på gruppe, altså kr 500.

TILBUDENE PÅ SMoK:

Individuelle tilbud: Sang (f.o.m. 8. klasse), Fele, Gitar, Bass, Ukulele, Keyboard, Piano, Slagverk.

Gruppetilbud:

Dans (f.o.m. 5. klasse), Kunst & Bilde (f.o.m. 3. klasse), Juniorgruppe (f.o.m. 1. klasse), Aspiranter (f.o.m. 1. klasse), Band (f.o.m. 5. klasse), Lydproduksjon (f.o.m. 5. klasse), Folkedans, Digital Foto, Musikal.



Søknadsfrist
SMoK 2017/2018

Frist er 25. mai 2017
HUSK Å SØKE ELEVPLASS
INNEN FRISTEN.

Den 9. mai er det Vårsprell. Vi har ikke mulighet for å bruke festsalen, så det blir bare forestilling i denne omgang. Vi regner med å kunne kjøre alt i en forestilling i denne runden, da vi ikke har DANS og ikke TEATER. Dermed kan det bli lite billetter igjen. Vi ber derfor om at de første tre dagene av salgstiden kjøper bare de som har barn, søsken, foreldre i forestillingen billetter. Etter det kan alle kjøpe. Billettene legges ut mandag 1. mai.

Våren i SMOK har dessverre vært preget av mange syke, både elever og lærere. Vi har hatt flere lærere sykemeldt i flere omganger. Det beklager vi sterkt og håper å kunne holde det bedre oppe framover. På en liten plass som dette, er det dessverre ikke flust av vikarer å ta av i smale og spesialiserte fag. Vi jobber med saken, men håper på forståelse fra dere.

17. mai er like rundt hjørnet. Da skal både lydgruppen til SMoK ha noe lyd, og flere av elevene på SMoK skal opp på scenen. Dette setter vi veldig pris på. Vi liker å få vise hva vi jobber med for et publikum. Tross alt er det en viktig del av det å drive med kunst på forskjellige nivåer, også i opplærings-sammenheng. Det er fint å kunne bidra til en fin feiring, samtidig som vi får nyttig scenetrening.

Da ønsker vi dere alle en fortsatt fin vår og forsommer.

Med hilsen alle oss i SMoK
Kaare Lauridsen



Ombygging av Sirdal kulturhus

I disse dager pågår ombygginga av festsalen og foajé på kulturhuset. Gamle trapper er fjerna, det er laga plass til ny heis, betongdekke over området kor ny scene skal kome, er fjerna og nytt dekke for ny overgang er støypt. Det er også saga hull i vegg mellom festsal og kinosal kor ny dør skal plasserast. Det same er gjort i området kor den nye kinokiosken skal halde til.

Vi hadde håpet på at heile ombygginga skulle være ferdig til 17. mai slik at lokalet kunne tas i bruk på nasjonaldagen. Det gjekk ikkje, men vi gler oss uansett veldig til Festdagar i august.

Festdagar

Sirdal kulturhus
Onsdag 23. august – Søndag 27. august



Jack Rostøl gler seg til Festdagar i kulturhuset, då skal han halde konsert med bandet sitt og gje publikum ein uforglemmelig kveld med "A Tribute to Leonard Cohen".

Vel møtt til Festdagar i nye Sirdal kulturhus!

Hald av dagane 23. til 27. august - då vert det Festdagar i kulturhuset etter ombygginga.

Dette vert markert med ulike arrangement og aktivitetar over fleire dagar. Her vert det noko for ein kvar interesse og aldersgruppe.

Meir program vert annonsert etterkvart, på kommunen si heimeside, plakater m.m.

bibliotek / museum / kulturskole / tonstadbadet
arrangement / kino / kulturminne / ungdom&fritid
idrett / lag&foreninger / teater / konsert



kultursidene



Vel møtt til Slåtte- dag i Haughom Laurdag 29. juli




På Olsokdagen har det mest blitt tradisjon at Sirdal Bondelag inviterar til Slåttedag i Haughom.

Dei håper mange vil ta turen. Arrangementet startar kl. 15.00. Dersom det vert dårleg vær, så steller dei til eit alternativ på Øksendal grendehus.

Kulturminne

Ta gjerne kontakt med oss på kulturkontoret dersom du ønskjer meir informasjon om arbeid med kulturminneplanen, eller har spørsmål kring dette.

På internett kan du finna dei kulturminne som allereie er registrert i Sirdal. Gå inn på:



«DEN SOM IKKE KAN FØRE SITT REGNSKAP
OVER 3000 ÅR, LEVER BARE FRA HÅND TIL
MUNN.»

Johan Wolfgang von Goethe, (1749-1832)

«DET FOLK SOM GLEMMER SIN HISTORIE
HAR INGEN FREMTID»

Henrik Arnold Wergeland, (1808-1845)

KULTUR MINNE PLAN



Arbeid med Kulturminneplan

Sirdal kommune har vedtatt at det skal arbeidast fram ein temaplan for kulturminne i kommunen.

Dei siste åra har Riksantikvaren arbeida for at kommunane skal forankra kulturminne og kulturmiljø i eit planprogram. Dei har som målsetjing å styrke den kommunale kulturminnekompetansen, og eit viktig tiltak i dette arbeidet er å leggja til rette for at kommunane utarbeidar kulturminneplanar. Slike planar er gode verktøy for forvaltning av kulturminna, og vil samstundes auke oppmerksomheten og kunnskapen om kulturminna.

I arbeidet med kulturminneplan så er det viktig å få ei god oversikt over dei viktigaste kulturminna i kommunen, og laga ein plan for korleis omsynet til desse kan integrerast i kommunal planlegging og verksemd. Det er òg viktig med tiltak som kan bevare desse, samt formidling av lokalhistoria, tilrettelegging for besøkjande og å gjera kunnskapen best mogleg tilgjengeleg for alle.

Engasjement i grendene

Gjennom arbeidet med kulturminneplanen så ønskjer ein å skape engasjement rundt om i dei ulike grendene. Ein skal difor sende ut eit infobrev til alle grendekontaktar der ein ønskjer tilbakemelding på kva del av lokalhistoria som er viktig for den særskilde grenda. Ein er òg på leiting etter lokale stadnamn og kartfesting av desse.



Onsdag 10 mai kl. 19.30

Søndag 14 mai kl. 19.00



Fredag 5 mai kl. 17.00

Søndag 7 mai kl. 17.00

Søndag 14 mai kl. 17.00



Fredag 19 mai kl. 19.00

Søndag 21 mai kl. 19.00



Onsdag 24 mai kl. 19.30

Søndag 28 mai kl. 19.00

Onsdag 31 mai kl. 19.30



Fredag 2 juni kl. 19.00

Søndag 4 juni kl. 19.00

Onsdag 7 juni kl. 19.30



Fredag 9 juni kl. 19.00

Søndag 11 juni kl. 19.00

Onsdag 14 juni kl. 19.00



Fredag 16 juni kl. 19.00

Onsdag 21 juni kl. 19.30



Søndag 18 juni kl. 19.00




Søndag 25 juni kl. 20.00

Onsdag 28 juni kl. 20.00



Søndag 2 juli kl. 18.00

Søndag 9 juli kl. 18.00



Fredag 11 august kl. 18.00



Se vår internettside:
[http://
www.filmweb.no/
sirdalkino/](http://www.filmweb.no/sirdalkino/)

Her er alltid oppdatert
kinoprogram!

bibliotek / museum / kulturskole / tonstadbadet
arrangement / kino / kulturminne / ungdom&fritid
idrett / lag&foreninger / teater / konsert



kultursidene



Ordførereens spalte



Ordførereens spalte

Ordfører Thor Jørgen Tjørhom, skriver litt om det som skjer i kommunen vår.

Mens vi venter på sommeren.

Vi har lagt bak oss en vinter med dens gleder og muligheter, og påsken ble også en fin høytid for oss sirdøler og tilreisende.

En stor takk til alle som har lagt ned mange timers innsats og har sørget for at vi har fått en god opplevelse i vinterens perfekt preparerte skiløper, enten det er i nærområdene, lysløyper eller på fjellet. Her i Sirdal har vi et løypenett som kan sammenlignes med det beste i landet!

Det er denne årstiden som er så fantastisk i dalen, med sitt mangfold av uttrykk som viser naturens forvandlinger.

Fra glitrende hvite fjelltopper som bader seg i sol fra en knallblå himmel, til det spirende og grønne i dalbunnen.

Kommunens mannskap i teknisk drift er i full gang med grøntområdene, med planting og feiing. Det er en flott jobb de gjør, og vi setter alle pris på en kommune som fremstår velstelt.

Det er med glede vi nå ser frem til den lyse årstiden, og like vakkert er det hver vår når trekkfuglene og fuglesangen vender tilbake.

Enkeltebekkasinen forstemmende vingemusikk hørte jeg allerede 10. april i år, og det er for meg en kjærkommen lyd som minner meg om sommer, der vi kan sitte ute i skumringstimen og lytte til den



Enkeltebekkasinen forstemmende vingemusikk hørte jeg allerede 10. april. En lyd som minner om sommer.



Sesilåmi. De drøyt 700 skiløperne på turen fra Setesdal til Sirdal hadde i år en fin tur over heia. Takk til alle frivillige som bidrar til et godt arrangement.



Vårpuss på Eliastunet



Bursdagsfeiring for to hundreåringer i Sirdal!

Bilder fra markeringen av to 100 åringer, som var tidligere i vinter:

Bildet til venstre:

Gunnhild Sinnes

Bildet under:

Ingebjørg Blekastad



særegne lyden av høytflygende bekkasin som slipper seg nedover...

Mange av oss ser fram til resultatene av vegutbedringen som pågår i dalen. Tenk når vi endelig får ny asfalt og den forbedringen gir en forbedret trygghet for ferd-selen.

Samferdsel er viktig, både i dalen og mot regioners øvrige veinett, og vi har et håp om at når valget av ny E 39 blir gjort, vil vi få et trasévalg som binder vår kommune tettere sammen mot viktige samferdselsårer i regionen.

Som alltid skjer det mye i Sirdal, stor anleggsaktivitet i hele kommunen gir lokale ringvirkninger og sysselsetting.

Det pågår for tiden modernisering/oppussing av kulturhuset, og "Storstua i Sirdal" kommer til å fremstå med ny innvendig drakt under "Festdagene" som blir arrangert 23. til 27. august.



Ønsker dere alle en riktig god sommer, nyt den, sett pris på hverandre og la oss alle ta del i en nasjonaldag som vi skal være stolte av, og takknemlige for.

Den skal vi dele med alle som bor her.

God 17. mai feiring!

Hilsen Thor Jørgen Tjørhom

Ordfører



KBS 3124



KBS 0113 A

Frå fotograf T. Dahl si skattekiste:

Det er framleis mange bilete i samlinga til T. Dahl som ein ikkje har funne opplysningar til. Kjenner du att personane på desse bileta? Eller har du anna nyttig informasjon?

Då kan du ringe inn til oss på kulturkontoret, tlf.: 38 37 90 70 eller sende ein e-post til: gko@sirdal.kommune.no



Fotograf T. Dahl
Tønnes Andreas Jonassen
Øksendal (1884 - 1979)
Han var sjølvlærd som fotograf.
Mykje av utstyret til framkal-
ling og kopiering laga han sjølv.
Den store samlinga av fotografi
inneheld m.a. portrett, veg-
arbeid, bryllaup og gravferd.